



Arne Mæstad Hartveit
Gjerstadvegen 562
5282 LONEVÅG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/2527 - 23/20211

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
11.09.2023

34/2 Hartveit - Gjeld søknad om vesentleg terrengingrep

Tiltak: Søknad om vesentleg terrengingrep
Eigedom: Gbnr: 34/2
Tiltakshavar: Arne Mæstad Hartveit

Kommunen syner til søknad motteken 23.08.2023.

Det er i søknaden opplyst at ansvarleg søkjar er Arne Mæstad Hartveit og at utførande er Jord og maskin AS. Det ligg ikkje ved erklæring om ansvarsrett for ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Kommunen ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Utfylt gjennomføringsplan, jf. forskrift om byggesak §§ 5-3 og 5-4, 3. ledd, bokstav p.
2. Erklæring om ansvarsrett for ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, jf. plan- og bygningslova § 23-3, 2. ledd og forskrift om byggesak § 5-4, 3. ledd, bokstav q.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.10.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Til orientering vert søknaden send til uttale til andre aktuelle offentlege styresmakter.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Arne Mæstad Hartveit

Gjerstadvegen 562

5282

LONEVÅG